



Sakshandsamar
Avdelingsingeniør Bjarne Otnes, 71 25 84 69

Vår dato
12.09.2000
Dykkar dato
27.06.2000

Vår ref.
1997/2012/542.1-BJOT
Dykkar ref.
TOV 39/00

Institutt for akvakulturforskning AS
Ekkilsøy
6530 Averøy

AVERØY KOMMUNE
INSTITUTT FOR AKVAKULTURFORSKNING AS (M/AV 0003)
UTSLEPPSLØYVE FOR MATFISKANLEGG FOR LAKS OG AURE

I medhald av § 18 i Lov om vern mot forurensninger og om avfall av 13. mars 1981 (heretter Forureiningslova), gjev fylkesmannen i Møre og Romsdal med dette Institutt for akvakulturforskning AS løyve til utslepp til luft og vatn frå eit oppdrettsanlegg på følgjande lokalitet:

Lokalitet	Kommune	Aust	Nord	Volum (m ³)	Varigheit
Aukan	Averøy	428700	6993100	9.000	permanent
Kleven	Averøy	429300	6994100	5.000	permanent

Kartreferanse er gjeve i Geodetisk Datum EUREF89.

Følgjande løyve vert oppheva av dette: Utsleppsløyvet av 08.11.1994

Løyvet gjeld på dei spesielle og generelle vilkår som følgjer vedlagt.

Ramme for løyvet:

Løyvet gjeld frå det tidspunkt anlegget har fått konsesjon etter oppdrettslova. Dersom anlegget ikkje har etablert seg, utvida eller flytta innan 2 år, må det etter forureiningslova § 20 gjevast melding til fylkesmannen som avgjer om det må sendast inn ny søknad.

Løyvet gjeld for utslepp frå oppdrettsverksemd med eit produksjonsvolum på maksimalt 9.000 m³ laks/regnbogeaure pr. år.

Løyvet gjeld også for utslepp frå reingjering av nøter/kar og anna produksjonsutstyr, førtillaging, medisiner og avfallshandtering knytt til verksemda ved anlegget.

Løyvet gjeld ikkje for slakting/sløyving av fisk og impregnering av oppdrettsnøter.

Fristar:

Nedanfor er tidsfristar for gjennomføring av tiltaka gjevne med tilvising til vilkåra i løyvet.

Tiltak	Frist	Tilvising pkt.
Årsrapportering	15.02. kvart år	6.3

Grunngjeving:

Institutt for akvakulturforskning AS (Akvaforsk) søker om tilleggsklokalitet ved Kleven i Ekkilsøyvika i Averøy kommune. Lokaliteten skal fungere som ein avlastningslokalitet for hovudlokaliteten ved Aukan. Etter mange års kontinuerleg drift her er det ønskeleg med brakklegging for å restituere lokaliteten med tanke på forekomst av sjukdomsframkallande organismar. Antydningvis er det foreslått å bruke Kleven kvart tredje år til utsett av smolt medan Aukan blir utslakta og brakklagt. Etter brakklegging vil fisken bli flytta frå Kleven til Aukan.

Resipientkapasiteten i Ekkilsøyvika er begrensa. Ordinært matfiskoppdrett vil vere heilt uaktuelt ut i frå djupne- og utskiftingstilhøva. Kleven ligg grovt sett i same bassenget som Aukan. Totalt for bassenget reknar fylkesmannen ikkje med at tilhøva vil bli endra som følge av drift på Kleven.

Aktiviteten Akvaforsk vil legge opp til på Kleven er svært liten, etter søknaden vil det bli sett ut totalt 30.000 fisk fordelt med 10.000 stk. 0-åring hausten 2000 og 15.000 stk. vanleg smolt våren 2001. Fisken vil bli flytta tidleg på hausten 2001. Samla fôrforbruk i løpet av perioden vil vere 30-40 tonn på Kleven. Med eit så lite fôrforbruk og med ei brakklegging av Kleven på minst to år kan fylkesmannen godta etablering som omsøkt. Vi vil imidlertid rå Akvaforsk til å observere forholda på botnen under anlegget medan anlegget er i drift.

I møte 07.09.2000 går Averøy kommune inn for søknaden.

Erstatningsansvar:

Utsleppsløyvet frittek ikkje for erstatningsansvar for forureiningskade etter Forureiningslova § 10 og kap 8.

Klagerett mv.:

Vedtaket kan påklagast til Statens forureiningstilsyn (SFT) etter reglane i kap. VI i forvaltningslova av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse. Klage skal sendast til fylkesmannen innan 3 veker frå vedtaket har teke til å gjelda, dvs frå det tidspunktet anlegget har fått konsesjon etter oppdrettslova. Klagen skal visa til det vedtaket som klagen gjeld og den eller dei endringer som klagaren ynskjer. Klagen bør grunngjevast, og eventuelle opplysningar som kan ha innverknad på saka bør nemnast.

Dersom vedtaket blir påklaga, kan fylkesmannen eller SFT etter førespurnad vedta at vedtaket ikkje skal tre i kraft før klagen er endelig avgjort, jf § 42 i forvaltningslova.

Partane i saka har rett til å sjå saksdokument etter forvaltningslova §§ 18 og 19. Fylkesmannen vil på førespurnad kunne gje nærare opplysningar om sakshandsaminga.

Orginalbrevet vert framsendt gjennom Fiskeridirektoratet Region Møre og Romsdal . Gjenpart av løyvet er sendt dei andre partane i saka.

Med helsing

Kolbjørn Megård (e.f.)
seksjonsleiar

Bjarne Otnes

Kopi: Averøy kommune

Fiskeridirektoratet Region Møre og Romsdal, Postboks 1323, 6001 Ålesund
Fylkesveterinæren i Møre og Romsdal, her
Møre og Romsdal fylkeskommune, nærings- og miljøavdelinga, her

VILKÅR FOR LØYVET

1. UTSLEPP TIL VATN

1.1 Fôr

Ved fôring av fisken skal tap og spill av fôr reduserast mest mogeleg.

Det er berre tillete med bruk av tørrfôr eller mjukfôr.

Definisjonar:

Mjukfôr/pellets: Oppmalen fisk/fiskeavfall, tilsett så mykje bindemiddel at det kan fôrast ut som pellets utan å gå i oppløysing.
Tørrstoffinnhald > 50 %

Tørrfôr: Tørrstoffinnhald > 90 %

1.2 Fôrkjøkken

Avløpsvatn som inneheld feitt frå fôrkjøkken skal passera feittavskiljar før utslepp. Feittavskiljaren skal utformast, dimensjonerast og drivast i samsvar med NTNF-Indrens veiledning nr. 1.

Utsleppsledning skal fôrast ut i sjøen slik at munningen ligg på minst 5 m djupn og minst 20 m frå strandkanten (ved middelasstand). Ledningen må forankrast slik at den ikkje flyt opp eller endrar plassering. Plassering av ledningen må gjennomførast og avmerkast i samråd med Kystverket.

1.3 Medisin/kjemikalier

Bruk og utslepp av medisin, insekticid, desinfeksjonsmidlar mm. skal skje i samsvar med gjeldande regelverk/retningsliner frå forureiningsstyresmaktene.

Ved foring med medisinfôr skal mest mogeleg av fôrspill og ekskrement samlast opp ved hjelp av sil, filter o.l.

Oppsamla fôrspill/ekskrement skal handterast i samsvar med pkt 4.

1.4 Sanitæravløpsvatn

Utslepp av sanitæravløpsvatn frå personalrom mm må godkjennast av kommunen i samsvar med gjeldande reglar for utslepp.

2. UTSLEPP TIL LUFT

Fôrlagring og fôrtillaging, spyling, reingjering og tørking av nøter, handtering av avfall samt andre aktivitetar ved anlegget skal føregå på en slik måte at dei ikkje fører til urimelege luktulemper for naboar mm.

3. STØY

Anlegget skal utformast og drivast slik at det ikkje oppstår urimelege støyulemper.

4. AVFALL OG SLAM

4.1 Produksjonsavfall og slam

Død fisk, fôrrestar, slam, fett o.l skal handterast slik at det ikkje oppstår forureiningsmessige ulemper.

Død fisk skal takast opp av produksjonseiningane minst ein gong kvar dag i sommarhalvåret og minst ein gong annankvar dag i vinterhalvåret. Når det døyr meir fisk i anlegget enn vanleg, skal frekvensen aukast tilsvarande.

Avfallet skal behandlast slik at det i størst mogeleg grad kan utnyttast til fôr. Oppsamla død fisk skal konserverast straks ved ensilering, frysing e.l. og førast til eige lager. Ved ensilering skal fisken kvernast.

Alt avfall skal leverast behandlingsanlegg som er godkjent av SFT.

4.2 Medisin- og kjemikalierestar.

Unytta restar av medisinfôr, antibiotika, insekticid samt andre spesielt miljøfarlege stoff inkludert emballasje skal samlast og lagrast forsvarleg før avhenting ved produsent eller annan instans som er godkjend av styresmaktene. Det same gjeld for oppsamla fôrrestar og ekskrement som inneheld antibiotika.

4.3 Anna avfall

Emballasje o.l. samt alt anna avfall som ikkje er omfatta av pkt 4.1 og 4.2 skal førast til godkjent avfallsanlegg for slike avfallstypar.

5. LAGRING AV MEDISIN OG KJEMIKALIER

Medisin, insekticid, kjemikalium mm skal lagrast forsvarleg og avlåst slik at dei ikkje er tilgjengelege for uvedkomande.

Lagerlokalet skal utformast slik at spill ved uhell e.l ikkje vert slept ut, men kan samlast opp. Dette kan f.eks. sikrast ved hjelp av oppsamlingstankar eller ved å laga kantar som gjer eit stort nok volum.

6. KONTROLL

6.1. Rutiner for vedlikehald.

Verksemnda pliktar å føre jamleg tilsyn og kontroll med fôringsutstyr, eventuelle rensenanlegg mm, slik at desse alltid vert drivne mest mogeleg effektivt. For å sikra dette, skal verksemnda driva rutinemessig førebyggjande vedlikehald og ha eit rimeleg reservelager av dei mest utsette komponentane.

6.2 Kontroll

Verksemnda skal registrera og journalføra følgjande data;

- fiskemengde
- mengde død fisk
- mengde rømd fisk
- fôrtype og fôrforbruk
- bruk av:
 - antibiotika, type og mengde
 - insekticid, type og mengde
 - andre kjemikalium
- resultat av eventuelle utsleppsmålingar
- mengde og samansetning oppsamla slam samt disponeringsmåte
- avfallsmengder og disponeringsmåte

Journalen må takast vare på ved anlegget i minst 2 år og vera tilgjengeleg ved kontroll/inspeksjon. Verksemnda pliktar å la representantar for fylkesmannen og dei etatar og institusjonar som har fullmakt frå fylkesmannen inspisera anlegget når dei måtte ynskja det.

6.3 Årsrapport

Kvart år skal det utarbeidast ein rapport som viser siste års produksjon, avfallsmengder og håndtering, samt forbruk av for, medisin m.m. Årsrapporten skal leverast på standard skjema. Eventuelle overskridingar i forhold til løyvet skal kommenterast og årsaken forklarast. Årsrapporten skal sendast fylkesmannen innan 15. februar etterfølgjande år.

7. RESIPIENTGRANSKINGAR

Bedrifta pliktar å koste eller delta i dei granskingar fylkesmannen finn det naudsynt å gjennomføre for å kartlegge anlegget sin forureiningseffekt på resipienten, jfr, forureiningslova § 51. Bedrifta kan og verte pålagt å betale ein forholdsmessig del av kostnadane ved eit resipientundersøkingprogram for området der anlegget er plassert.

8. GENERELT

8.1 Eigenkontroll og ansvar

Verksemnda pliktar, gjennom instruksar, kontroll og andre tiltak, å syta for at drifta av anlegget skjer slik at ulemper og skadeverknader vert mest mogeleg avgrensa.

8.2 Akutte utslepp

Verksemnda pliktar å gjennomføra tiltak med sikte på å unngå akutte utslepp av f.eks antibiotika, kjemikalium o.l.

Dersom det oppstår akutte utslepp skal fylkesmannen varslast så snart som mogeleg.

8.3 Forureiningsgebyr og straffeansvar

Forureiningsstyresmaktene kan etter § 73 i Forureiningslova gjera vedtak om forureiningsgebyr for å sikra at reglane i lova og vilkåra i dette løyvet vert etterlevde.

Brot på vilkåra i løyvet er straffbart etter kap.10 i Forureiningslova.

8.4 Endring av utsleppsløyvet

Dersom fylkesmannen finn det naudsynt, kan han krevja at ytterlegare tiltak vert gjennomførde for å hindra eller redusera forureining frå oppdrettsanlegget. Eventuelt kan han krevja at anlegget vert flytta når krava i § 18 i Forureiningslova "om endring og omgjøring av tillatelse" er oppfylte.

8.5 Nedlegging, eigarskifte, konkurs

Ved eigarskifte, inkludert eigarskifte i samband med konkurs, må det gjevast melding om dette til forureiningsstyresmaktene innan 4 veker. Det same gjeld ved endring av namn.

Ved nedlegging av drifta, f. eks. på grunn av konkurs, skal det også gjevast melding til forureiningsstyresmaktene, jfr. § 20 i Forureiningslova.

Verksemnda er ansvarleg for rydding og istandsetting av det området som har vore i bruk, jf § 20 i Forureiningslova.